

Plan for diakoni i Norum kyrkjelyd revidert januar 2019

Plan for diakoni i Den norske kyrkja (gjeldande frå 2008) presenterer følgande definisjon av kyrkjas diakoni: *“Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Tenesta er evangeliet i handling og uttrykkast gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.”*

I kapittel 4 i Plan for diakoni i Den norske kyrkja vert det framheva fire arbeidsområde på bakgrunn av denne definisjonen.

Gjennomgang av diakoniplanen 17. januar 2019

NESTEKJÆRLEIK

Tiltak	<ul style="list-style-type: none">- Alle over 80 år får besøk av nokon dei kjenner med ein blome på fødselsdagen, også dei som bur på SOS. Soknerådet med vara ev. andre frivillige tek seg av utdelinga.- Fokus på om nokon har det vanskeleg i bygda vår – gjerne med blomehelsing- Gravferder, sorgarbeid: Soknerådet tilbyr i samarbeid med diakonen besøk og samtalar til pårørande. Dette tilbødet vert gjort kjent i det brevet diakonen sender ut til pårørande i samband med gravferder.- Dersom pårørande ynskjer kontakt med nokon i soknerådet, vil diakonen formidla dette.- Helgemesse. Alle som har mista nokon vert inviterte til gudsteneste. Diakonen tek del når ho kan.
Målsetting	Vise nestekjærleik og omsorg for kvarandre
Tid for gjennomføring	Etter behov og gjennom året
Tid for evaluering	Novembermøtet i soknerådet
Ressursar (pengar/lokale/menneske)	Sokneråd, kyrkjelyd, tilsette i kyrkja og lag/organisasjonar i bygda
Samarbeid med	Diakon og diakoniutval
Ansvarleg	Soknerådet

INKLUDERANDE FELLESKAP

Tiltak	<ul style="list-style-type: none">- Kyrkjeskysst: Desse telefonnummera kan nyttast:<ul style="list-style-type: none">o Rønnaug Dahl tlf. 97986526o Gunn Haugen tlf. 95231618o Egil Fimreite tlf. 99237666o Ingunn Marie Myren tlf. 95468568- Kyrkjekaffi – 4 komitear + soknerådet:<ul style="list-style-type: none">o Utdeling av bibelo Påskefest for alleo Konfirmantpresentasjono Helgemessesundago Gudsteneste på Fimreiteo Hausttakkefest med utdeling av 4-årsbok, fruktstund, ikkje kaffi- Kyrkjelydsfest der konfirmantane er spesielt inviterte- Samling for 50-års konfirmantar, eventuelt 60-, 70-, og 80 års konfirmantar også- Aktive konfirmantar i gudsteneste og ved innsamlingsaksjon- Sørge for teleslynge i kyrkja og salmebøker med stor skrift- Tekstlesarar- Kyrkjevertar, namneforslag på gudstenesteoversikten- Universell utforming, rullestolrampe (vedtak i kommunestyret desember 2018)
Målsetting	At alle som ynskjer har høve til å komme seg til kyrkje og ta del Dåpsopplæring At konfirmantane blir best mogeleg kjende med kyrkja si i konfirmanttida Elles at så mange som mogeleg skal kjenne at dei høyrer til i kyrkja (si).
Tid for gjennomføring	Gjennom heile året
Tid for evaluering	

	Ved årsslutt/årsmelding
Ressursar (pengar/lokale/menneske)	Sokneråd, kyrkjelyd og tilsette i kyrkja
Samarbeid med	
Ansvarleg	Soknepresten, soknerådet

VERN OM SKAPARVERKET

Tiltak	Skaparverkets dag. Gudsteneste ved Skriksvatnet. Dugnad på kyrkjegarden og i kyrkja.
Målsetting	Fokus på skaparverket, mennesket som forvaltar. Mennesket som ein del av skaparverket, ivareta menneska frå fødsel til død. At kyrkja og kyrkjegarden skal vera velhalde. At dei som tek del føler ein positivt fellesskap og får eit positivt tilhøve til kyrkja og kyrkjegard E-post frå diakonen til konfirmantane med føresette om dugnadsarbeid
Tid for gjennomføring	Kontinuerleg omsorg for menneske og skaparverk. Vedlikehald av kyrkjegarden etter behov, for det meste i sommarhalvåret
Tid for evaluering	I samband med gjennomføring
Ressursar (pengar/lokale/menneske)	Soknerådet og andre frå kyrkjelyden
Samarbeid med	Tilsette i kyrkja
Ansvarleg	Soknerådet

KAMP FOR RETTFERD

Tiltak	Høve til å endre oppsett offerliste til dømes ved store krisesituasjonar. Ofring/innsamling til organisasjonar som arbeider for rettferd i verda. Fasteaksjonen til Kirkens nødhjelp.
Målsetting	Å bidra til å avhjelpe naud der det er mangel på mat, medisinar og undervisning
Tid for gjennomføring	

	I samband med ofring og innsamlingsaksjon med konfirmantar, tysdag før palmesøndag.
Tid for evaluering	Når me set opp offerliste
Ressursar (pengar/lokale/menneske)	Konfirmantar og andre i kyrkjelyden
Samarbeid med	
Ansvarleg	Soknerådet

Merknad: Sjå på diakoniens dag i samarbeid med Leikanger.

Vedteke av soknerådet: 17.01.19

Sendt til kyrkjeleg fellesråd: 22.01.19